
Gudmund og Signeliti

1) Herr Gudmund han tala til liten småsvein:

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

Du salar min gangar, og ver inkje sein!

- *For den som så vel kunne leike.*

3) Og stolte herr Gudmund kom ridand i gård,

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

ute stod gullsmeden, slo ut sitt hår.

- *For den som så vel kunne leike.*

4) Herr Gudmund han tala til gullsmeden så:

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

Eg vønst Signeliti, di dotter å få?

- *For den som så vel kunne leike.*

5) Mi dotter, stolt Gudmund, du alli kan få,

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

fyrr sko på havsens botn rotne hennar hår.

- *For den som så vel kunne leike.*

23) Og Gudmund han spela framtil med å,

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

han spela Signeliti or bylgjune blå.

- *For den som så vel kunne leike.*

24) Og Gudmund han spela så alle strengjer brast,

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

så hadd han Signeliti i armen sin fast.

- *For den som så vel kunne leike.*

25) Signeliti ho heldt i sin festarmanns hand,

- *fager fell'e sol og blomar alle.*

Sæl er den sveinen or bylgjun meg vann!

- *For den som så vel kunne leike.*

[Høyr songen på www.folkedans.com \(mp3\).](http://www.folkedans.com)

Forklaringar:

Folkevisesteg og gåsteg med sluttsteg. Alle stiller opp i dobbel ring, gutane inst. Gutane snur mot sola og jentene mot sola. Alle trør to steg framover og tredje steget inn til høgre slik at alle står på ein ring. Vi trør inn mellom annakvar vi møter. Dette gjer vi to gonger til. Dei to som står mot kvarandre etter tredje gongen tar saman begge i begge og dansar 3/4 gong rundt på 3 gåsteg, stoppar på eit sluttsteg og støyper ljós. No er vi ferdig med første verset. No dansar vi på same måten dei andre versa heilt til det siste verset. I det siste verset dansar vi vanlege folkevisesteg. I starten dansar guten seg inn i ringen på feil side av jenta si.

Opplysningar:

Tonen byggjer på ei nedteikning av L.M. Lindeman i Tuddal i Telemark i 1860. Teksten er etter ei nedteikning i Landstad 1853. Dansemåten er laga av Klara Semb. Visa står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar." (1985). Her har vi teke med dei mest brukte versa (i NF er det 25 vers).